

# GULATINGET H

Tusenårsstad for Sogn og Fjordane

## HENRIK WERGELAND SI TAVLE FOR MENNESKERETTAR

**Henrik Wergeland (1808-1845)** er rekna som ein av dei viktigaste personane i norsk historie. Han var lyrikar, diktar, samfunnsdebattant, folkelærer og mykje meir. Wergeland sette politisk og kulturell dagsorden og inspirerte og påverka Noreg i serleg grad. Wergeland-slekta si ættegard ligg på Verkland i Gulen, og Henrik Wergeland vitja Eivindvik i 1832 der han skreiv det berømte diktet "Eivindvig", tileigna prost Niels Alstrup Dahl som møtte på det første Stortinget hausten 1814. Ungdomspolitisk utval i Sogn og Fjordane ser at det er store utfordringar i vente for unge i verda i dag. Ressursfordeling, berekraftig utvikling, miljøvern og fred er nokre av dei største utfordringane. I tillegg er det enno mykje som må gjerast innan helse, skule og menneskerettar. Vi har tenkt å gripe fatt i denne situasjonen ved å lansere eit heilt nytt prosjekt som vi har stor tru på. Ungdomspolitisk utval i Sogn og Fjordane i samarbeid med Tusenårsstaden Gulatinget ynskjer å lansere eit nyskapande og banebrytande tiltak som vi trur kan ha interesse langt utover fylkesgrensene: "Henrik Wergeland si tavle for menneskerettar".

Dette er eit prosjekt som har tre hovuddelar:

- Etablere ei **utandørs fysisk tavle** med tidslinje i Gulatingsparken som fortel om utviklinga for menneskerettane gjennom historia
- Etablere ein **applikasjon** og ein **nettstad** tilknyta [www.sfj.no](#) og [www.gulatinget.no](#) som skal vere ein digital innfallsport og møtestad for kunnskap om menneskerettane si historiske utvikling og situasjonen i dag
- Etablere prosjekt som genererer **samtalar, diskusjonar og samarbeid** mellom einskildpersonar og organisasjonar nasjonalt og internasjonalt. Målsetjinga skal vere auka kunnskap og merksemd om menneskerettane som basis i berekraftig og langsiktig planlegging. Vi vil leggje til rette for konstruktive møteplassar for slike diskusjonar og framtidstenking

Henrik Wergeland sitt livsverk og idealar vil formidlast som eit førebilete og inspirasjon i dette prosjektet. Det er også eit viktig poeng for oss at denne verksemda har basis nettopp her på Gulatinget, der dei fyrste norske demokratiske og representative tradisjonar byrja. Gulatingslova er Noreg og Norden si eldste skriftlege rettskjelde, og meir enn 30 norske kongar møtte til tings gjennom fleire hundreår. Vi nemner nokre viktige hendingar opp gjennom åra som syner noko av denne utviklinga. Vår ambisjon er at "Henrik Wergeland si tavle for menneskerettar" skal vere eit nyskapande og relevant tiltak som kan gjere ein positiv skilnad i verda! Vi vil no overrekke dette dokumentet til Stortingspresident Olemic Thommessen for vidare handsaming og takkar for merksemda.

Gulatinget, 28. juni 2014

Ungdomspolitisk utval Sogn og Fjordane

Dag Henrik Nygård (leiar)

Oline Nave (styremedlem)

# GULATINGET

Tusenårsstad for Sogn og Fjordane



## HENRIK WERGELAND SI TAVLE FOR MENNESKERETTAR

800	Dei fyrste tingsamlingane i Gulating
927	Ulfjot kjem til Gulatinget
930	Etablering av det islandske alltinget, etter modell frå Gulatinget
1215	Magna Carta
1274	Magnus Lagabøtes landslov
1689	Den engelske menneskerettserklæring
1748	«Lovens ånd» av Montesquieu
1776	Den amerikanske uavhengighetserklæringa
1789	Den franske menneskerettserklæringa
1814	Den norske Grunnlova § 96, 97, 105 (110c: 1994)
1815	Høgsterett
1832	Henrik Wergeland vitjar Eivindvik og skriv diktet «Eivindvig»
1837	Formannskapslova
1885	Jamstillingsvedtak mellom landsmål og dansk
1889	Folkeskulelova vart vedteken
1898	Ålmenn røysterett for menn
1905	Noreg vert ein eigen nasjon
1913	Ålmenn røysterett for kvinner
1945	FN blir oppretta
1948	FN si verdserklæring om menneskerettar
1949	Europarådet vert etablert
1949	Genèvekonvensjonene
1953	Den europeiske menneskerettighetskonvensjonen
1961	Fyrste kvinnelige prest
1972	Forbodet mot homofili vert oppheva (§213)
1978	Likestillingslova
1978	Røystefør alder vart sett til 18 år
1989	Sametinget vert opna
1999	Menneskerettslova i Noreg
2000	Personopplysningslova
2002	FNs barnekonvensjon
2005	Diskrimineringslova om entitet
2008	Diskrimineringslova
2013	Diskriminerings- og tilgjengelova, diskrimineringslova om seksuell orientering